



SAKSPAPIR

Styre, komite, utval	Møtedato	Saknr
Giske formannskap	17.11.2020	174/20
Giske kommunestyre	03.12.2020	080/20

Vedtak av kommunal planstrategi 2020 - 2023 og fastsetting av planprogram for kommuneplanen sin samfunnsdel

Innstilling:

Giske kommunestyre vedtar foreliggende Planstrategi 2020-2023 og fastset Planprogram for kommuneplanens samfunnsdel 2020-2032. Innspel frå høyringsinstansane blir tatt med og vurdert vidare når planstrategien blir iverksett og i arbeidet med kommuneplanens samfunnsdel.

Samfunnsdelen skal innhalde mål og strategiar for korleis kommunen skal følgje opp FN sine berekraftsmål, herunder berekraftsmål nr. 13 Stoppe klimaendringane.

03.12.2020 Giske kommunestyre

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes godkjend.

K- 080/20 Vedtak:

Giske kommunestyre vedtar foreliggende Planstrategi 2020-2023 og fastset Planprogram for kommuneplanens samfunnsdel 2020-2032. Innspel frå høyringsinstansane blir tatt med og vurdert vidare når planstrategien blir iverksett og i arbeidet med kommuneplanens samfunnsdel.

Samfunnsdelen skal innhalde mål og strategiar for korleis kommunen skal følgje opp FN sine berekraftsmål.

17.11.2020 Giske formannskap

Fellesforslag: Siste del av siste avsnitt går ut.

Innstillinga, med endringa i fellesforslaget, vart samrøystes tilrådd.

F- 174/20 Vedtak:

Tilråding:

Giske kommunestyre vedtar foreliggende planstrategi 2020-2023 og fastset planprogram for kommuneplanen sin samfunnsdel 2020-2032. Innspel frå høyringsinstansane blir tatt med og vurdert vidare når planstrategien blir iverksett og i arbeidet med kommuneplanen sin samfunnsdel.

Samfunnsdelen skal innhalde mål og strategiar for korleis kommunen skal følgje opp FN sine berekraftsmål.

Vedlegg:

Rev. 09.11.2020 Planstrategi 2020-2024 og planprogram for kommuneplanens samfunnsdel

Fråsegn - planstrategi/planprogram for kommuneplanen 2020/2023 - Kystverket

Fråsegn til planstrategi/planprogram for kommuneplanen - Giske bondelag

Fråsegn

Fråsegn - planprogram og kommunal planstrategi for kommuneplanen sin samfunnsdel

2021-2032 - Statens vegvesen

Fråsegn - planstrategi og planprogram for samfunnsdelen - Møre og Romsdal

fylkeskommune

Fråsegn - planprogram og kommunal planstrategi for kommuneplanen sin samfunnsdel

2021-2032 - Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Innspel til planprogram og kommunal planstrategi for kommuneplanen sin samfunnsdel

2021-2032 Snr. 20/103

Innspel til Planprogram og kommunal planstrategi for kommuneplanen sin samfunnsdel

2021-2032

Kommuneplanar - Høyring av planprogram og kommunal planstrategi for kommuneplanen

sin samfunnsdel 2021-2032 - Uttale frå Avinor

Fråsegn - planprogram og planstrategi - samfunnsdel

Fråsegn - Kommunal planstrategi 2020–2023 og planprogram for revidering av

kommuneplanens samfunnsdel 2021–2032 - Høringsuttalelse

Høyring av planprogram og kommunal planstrategi for kommuneplanens sin samfunnsdel

2021-2032

Rev. 24.08.2020 Planstrategi 2020-2024 og planprogram for kommuneplanens samfunnsdel

Nytt Microsoft Word-dokument

Forslag til planstrategi 2020-2023 og planprogram for kommuneplanens samfunnsdel 2021-

2032

Høyring av planprogram og kommunal planstrategi for kommuneplanen sin samfunnsdel

2021-2032

Planstrategi 2020-2024 og planprogram for kommuneplanens samfunnsdel Nytt Microsoft

Word-dokument (832919)

Planstrategi for Giske kommune 2020-2024

Planstrategi 2020-2024 og planprogram for kommuneplanens samfunnsdel 2020-2032Nytt

Microsoft Word-dokument

Planstrategi for Giske kommune 2017 - 2020_2017.11.06 (601728)
Oppstart av planstrategi 2020 - 2024 og kommuneplanens samfunnsdel 2020 - 2032
Planstrategi for Giske kommune 2017 - 2020_2017.11.06 (601728)
Planstrategi 2020-2024 og planprogram for kkmuneplanens samfunnsdel 2020-2032Nytt
Microsoft Word-dokument
Oppstart av planstrategi 2020 - 2024 og kommuneplanens samfunnsdel 2020 - 2032
Kommunestatistikk Giske komm. 2019
Veileder kommunal planstrategi
nasjonale-forventninger-2019-bm
Kommuneplanen sin samfunnsdel for Giske_2014 - 2026_eigengodkjent 25.09.2014_K-
060_14

Saksutgreiing:

Formannskapet (Kommuneplanutvalet) vedtok i møte den 24.08.2020 - sak 141/20 å legge forslag til planstrategi 2020 – 2023 og forslag til planprogram for kommuneplanens samfunnsdel ut til offentlig ettersyn. Bakgrunn for saka går fram av saksframlegg, sjå vedlegg.

Høyring av planstrategi og planprogram vart varsla i brev datert 02.09.2020, annonse i «Øy-Blikk» den 03.09.2020 og på heimesida til Giske kommune. Frist for merknader vart sett til 15.10.2020.

Det har kome inn merknadar frå Fiskeridirektoratet, Mattilsynet, Avinor, Folkehelseforum i Giske kommune, Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Møre og Romsdal fylkeskommune, Statens vegvesen, Giske Bondelag og Kystverket.

Heimelsgrunnlaget

Plan og bygningslova kapittel 10 og 11

Økonomiske konsekvensar:

Blir avklart i planprosessen

Vurdering:

Merknader

Fiskeridirektoratet

Fiskeri- og akvakulturnæringen med tilhørende avledet virksomhet er viktige bidragsytere og næringsaktører i Giske kommune. Fiske har lange tradisjoner i kommunen, og det er flere akvakulturanlegg lokalisert i sjø. Kommunen har naturgitte fortrinn i form av egnede havne- og sjørelaterte arealer og sjøareal.

Generelt vil en klargjøring av kommunens strategiske valg knyttet til utvikling og arealbruk i kystsonen være avklarende og konfliktdempende. Viktige spørsmål vil kunne være opprettholdelse, utvikling og sameksistens for både sjømatnæringene og andre næringsinteresser, samt andre samfunns- og miljøinteresser i kommunen.

Oppdaterte planer for næring, vann og avløp, energi- og klima, samt tiltaksplan for plast og marin forsøpling vil være viktige fokusområder å jobbe videre med, og vil også bidra til at kommunen kan nå noen av delmålene innenfor FNs bærekraftsmål.

Samfunnsdelen til kommuneplanen er det overordna plandokumentet som skal ligge til grunn for arealdelen, og skal være førende for arbeidet med denne. Den skal også legges til grunn ved senere arbeid med handlingsprogram, kommunedelplaner og sektorplaner.

Det vil være en felles hovedutfordring fremover å videreutvikle, styrke og beholde Møre og Romsdal som det ledende sjømatfylket i landet. Det er derfor viktig at kommuneplanens samfunnsdel inneholder føringer, strategier og tiltak på området, og at arealdelen inneholder og ivaretar areal for marin verdiskaping.

Vi har ut over dette ingen ytterligere merknader eller innspill til forslag til kommunal planstrategi 2020–2023, og høring av planprogram for revidering av kommuneplanens samfunnsdel 2021–2032 for Giske kommune.

Vår vurdering

Innspelet blir tatt med og vurdert i det videre arbeidet med kommuneplanens samfunnsdel og arealdel.

Mattilsynet

For Mattilsynet er det særlig forholdet til drikkevassforsyning og vern av drikkevasskjelder som er relevant. Viser til drikkevassforskrifta «Nasjonale mål for vann og helse» der kommunen sine plikter står omtalt. Minner om FN sine berekraftsmål; *nr. 6 Rent vann og gode sanitærforhold, nr. 9 Innovasjon og infrastruktur og nr. 3 God helse*. Påpeikar at det er viktig i det vidare planarbeidet å ha særleg fokus på gjennomførings- og utviklingsaspektet ved plankrav og rerekkefølgebestemmelsar knytt til infrastruktur.

Tilrår følgjande konkrete mål i planprogrammet:

- *Det er ein føresetnad at det kan dokumenterast tilgang til tilstrekkelege mengder drikkevatt som tilfredsstillar kvalitetskrava i drikkevassforskrifta før større utbyggingar startar opp.*
- *«Nasjonale mål for vann og helse», vedtatt av regjeringa 22.04.2014, bør inn i det vidare arbeidet.*
- *Viktig at forbod mot å forureine kjelde, vassforsyningssystem og internt fordelingsnett blir ivareteke. Det kan inngå som dokumentasjonskrav i ein avtale med utbyggjar.*
- *Viktig at kommunen sikrar at kommuneplanen tar omsyn til nasjonale og regionale mål og retningslinjer innafor området drikkevatt. Å trygge Alnesvatnet med nedbørsfeltet rundt må vere eit uttalt mål.*

Vår vurdering

Innspelet blir tatt med og vurdert i det vidare arbeidet med kommuneplanens samfunnsdel og arealdel.

Avinor

Ingen merknader.

Med bakgrunn i at kommunen si folkehelseoversikt har vore under revisjon er noko av opplysningane som kjem fram under punkt 3.4.6. Helsetilstand, forelda. Nytt avsnitt er lagt inn. Vesentleg oppdatering her er at tannhelsa til 12-åringane i kommunen er betydeleg dårlegare samanlikna med både fylket og landet, og den har blitt betydeleg forverra frå 2015 til 2018.

Vidare er det forslag om at teksten under punkt 4.2 utfordringar ift. levekår og folkehelse,

vert meir spissa slik at utfordringane kjem tydelegare fram. Gjennom samarbeid med fylkeskommunen har følgjande hovedutfordringar kome fram; aukande grad av einsame ungdommar, auke i talet på overvektige ungdommar, ungdommen saknar eit aktivitetstilbod, mangel på aktivitetstilbod i alle aldersgrupper. Tannhelsa til 12-åringane

er for dårleg. Utdanningsnivået for tilsette i barnehagane er lavare enn i resten av landet.

Det er påpeika at kommunen sine folkehelseutfordringar kan endrast i planperioden ved at ein får ny informasjon, til dømes gjennom Ungdata-kartlegging.

Vår vurdering

Merknadane/forslaga om endring er lagt inn i revidert plandokument.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Utkast til kommunal planstrategi og planprogram til kommuneplanens samfunnsdel for Giske gir ein kortfatta, men grei og ryddig presentasjon av rammer og føringar, kunnskapsgrunnlag og utfordringsbilde som grunnlag for kommunens vidare planarbeid. Det er vidare gitt ein kort omtale og vurdering knytt til aktuelle plantema og planoppgåver som skal prioriterast i planperioden 2020 - 2023. Koplingane mellom kunnskapsgrunnlaget og planstrategidelen av dokumentet på den eine sida og planprogrammet for samfunnsdelen på den andre, kunne gjerne vore tydelegare og meir direkte vore følgd opp gjennom utfyllande omtale og drøfting.

Arbeidet med klimatilpassing og klimagassreduksjon bør løftast betre fram i denne planperioden. Om kommunen vel å ikkje fullføre arbeidet med klima- og energiplan i denne perioden, må ein sørge for at klima- og energiplanlegging blir ein integrert del i kommuneplanens samfunns- og arealdel. Fylkesmannen vil gjennom satsinga Klimasnu vere ein ekstra ressurs inn i dette arbeidet.

Arbeidet med kommunal planstrategi og utarbeiding av planprogram for kommuneplanens samfunnsdel er lagt opp som parallelle prosessar. Vi har understreka behovet for ei tett kopling mellom desse plandokumenta og peika på korleis dette kan vidareførast i den vidare planprosessen knytt til kommuneplanen.

Fylkesmannen viser til våre merknader og ber om at dette blir tatt omsyn til i det vidare planarbeidet. Vi vil seinare gjennom vår fråsegn til offentleg høyring til kommuneplanens samfunnsdel kome nærare tilbake til meir utfyllande innspel og merknader til ulike fag- og temaområde.

Arealstrategi

For å ivareta dei langsiktige behova for kommunal planlegging rår vi til at ein oppdatert samfunnsdel inneheld ein arealstrategi med overordna premisser for vidare arealavklaringar i kommunen. Strategien må bygge på klare mål for utvikling av kommunen, som drøftast og fastsettast i samfunnsdelen.

Kommuneøkonomi

All planlegging bør ta omsyn til økonomisk evne til å gjennomføre planane og særleg handlingsdelen i planen. Fylkesmannen ønskjer difor å minne om kommunelova § 14-1 som seier at kommunen skal forvalte økonomien slik at den økonomiske handleevna blir tatt i vare over tid.

Vidare bør planen vise til og ta omsyn til kommunen sine finansielle måltal jf. Kommunelova § 14-2. Teknisk beregningsutvalg (TBU) tilrår årleg netto driftsresultat på minimum 1,75 % og disposisjonsfond på minimum 5 % av brutto driftsinntekt. I tillegg til minimum netto driftsresultat og minimum disposisjonsfond kan gjeldsgrad vere døme på finansielle måltal.

Klimagassreduksjon

Klimaendringane er ei av dei største utfordringane vi står ovanfor i vår tid. Fylkesmannen vil framover ha auka fokus på å bidra til arbeidet med å redusere klimagassutslepp og tilpasse samfunnet til eit klima i endring gjennom satsinga Klimasnu.

Viser til Statleg planretningslinjer for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing. Denne skal leggest til grunn for all planlegging.

Innan 2030 skal klimagassutsleppet i Norge vere redusert med minst 50 % samanlikna med referanseåret 1990. Kommunen må styre mot at vi skal bli eit lågutsleppssamfunn innan 2050. Kommunen skal stimulere til, og bidra til, reduksjon av klimagassutslepp og økt

miljøvennleg energiomlegging. Kommuneplanens samfunnsdel skal legge grunnlaget for klimagassreduksjonen.

Fylkesmannen ber Giske kommune vurdere på nytt korleis kommunen skal klare å følgje opp dei statlege planretningslinjene for klima- og energiplanlegging.

Fylkesmannen vil vidare rå til at følgjande punkt blir vurdert i arealplanlegging/behandling av enkelttiltak:

a) I alle planar og ved større tiltak bør bruk av miljøvennleg energi utgreiast.

b) I alle planar og større tiltak bør det, tilpassa tiltakets omfang, gjerast greie for:

- 1. Tiltak for å redusere energiforbruk*
- 2. Tiltak for å redusere klimagassutslepp*
- 3. Val av energiløysingar og byggematerialar*

c) Klimagassregnskap bør utarbeidast i samband med alle større tiltak som gjeld:

- 1. Vesentlege naturinngrep*
- 2. Nybygg større enn 1000 m² BRA*
- 3. Ved val mellom riving eller renovering av eksisterande bygg*

Arealplanlegging vil vere eit av dei viktigaste verkemidla for å redusere klimagassutsleppa frå transportsektoren og frå endra arealbruk (avskoging, nedbygging av myr mv).

Konsentrert utbygging er generelt positivt ut i frå omsyn til natur- og miljøvern, landbruk, folkehelse, tenesteyting og tettstadutvikling. Det er derfor viktig å ta ein gjennomgang av område som tidlegare er sett av til utbygging, men som ikkje er tatt i bruk, og vurdere om desse områda er i tråd med dagens målsettingar.

Samfunnstrygleik og klimatilpassing

Minner om Statlege planretningslinjene for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing. I planretningslinjene står det at i kommunale planstrategiar skal det gjerast ei vurdering av om omsynet til eit endra klima førar med seg eit behov for nye planar, eller oppheving eller revisjon av gjeldande planar. Både eksisterande og ny kunnskap om klimaendringar og

konsekvensar av dette, bør vurderast og omtalast i planstrategien.

Naturmangfald

Forvaltning av areal står sentralt for ivaretaking av miljøomsyn i eit langsiktig perspektiv. Arealbruksendringar påverkar t.d. både klimagassutslepp og tap av natur. Berekraftig arealforvaltning er difor avgjerande for å nå nasjonale klima- og miljømål.

Landbruk

Giske kommune har mange unge, hardtsatsande matprodusentar som kommunen bør støtte, både i beskyttelse av sine næringsareal (matjorda) og utvikling av tilleggsnæringar (nisjeprodukt og lokalmat). Eit av satsingsområda som kommunen sjølv framhever, er Matkommunen Giske. Landbruksplanen frå 2009 bør, etter Fylkesmannens syn, prioriterast med revidering i planperioden for å løfte landbruksnæringa i kommunen og matsatsinga, då desse heng naturleg saman. Jf. og Giske Bondelag sin utttale.

Vår vurdering

Innspelet blir tatt med og vurdert i det vidare arbeidet med kommuneplanens samfunnsdel og arealdel.

Møre og Romsdal fylkeskommune

Meiner at Giske kommune i dokumentet viser dei viktigaste utfordringane som kommunen står overfor. Kommunen viser til føringar og forventningar og set seg sjølv inn i ein regional samanheng.

Der det er vist til berekraftsatsinga i Møre og Romsdal fylkeskommune her bør det presiserast at teksten er henta frå Regional planstrategi. Elles så kan det nemnast at fylkestinget har vedtatt ny fylkesplan for 2021-2024. Saknar litt meir utfyllande grunngjeving om eksisterande planar, kvifor nokre planar ikkje skal rullerast samt områdereguleringa for Sætra og Gjøvsund. Ser ikkje at klimaplanen for 2021-2030 er tatt med og minner om at kommunen er med på den regionale berrekraftsatsinga og klimaspørsmål er ein viktig del av berekraftsarbeidet. Føreset at kommunen sine tre hovudmålsettingar: Gode levekår, ein

attraktiv bukommune med kontrollert bustadutvikling og ein næringsvennlig kommune i vekst, vert tatt med i medverknadsarbeidet.

Iflg. siste framskrivingane frå SSB er det venta at kommunen vil ha ein folketalsvekst på om lag 8%, men veksten er klart sterkast i dei eldre aldersgruppene. Koronapandemien har medført store konsekvensar for arbeidsmarknaden og folketalsutviklinga og det er stor usikkerheit knytt til langtidsverknadane av pandemien. Viser til at kommunen deltar plansamarbeidet «Plan for areal, klima og transport (PAKT) i Ålesundsregionen. Kommuneplanens sin samfunnsdel må innarbeide retningsliner og arealstrategiar som kjem fram i dette planarbeidet og drøfte kva val og prioriteringar kommunen må gjere for å utvikle berekraftige og attraktive tettstader i kommunen.

Samferdsel

Nokre av dei viktigast planane /strategiane som bør bli lagt til grunn for arbeidet med samfunnsplanen og som bør synleggjerast som ramme for planlegginga:

- Nasjonal transportplan (NTP) Statlege planretningsliner for samordna bustad-, areal og transportplanlegging*
- Nasjonal sykkelstrategi*
- Nasjonal gåstrategi*

Medverknad

Tilrår at kommunen arbeider for at barn, ungdom og kollektivreisande samt andre grupper som treng særskild tilrettelegging, aktivt kan medvirke i planprosessen. Kommunen bør ha ein lagsiktig arealbruksstrategi som legg til rette for auka bruk av kollektivtransport, sykkel og gange som alternativ til privatbil. Dette er viktig både i høve til klima, miljø, trafikktrygging og i eit folkehelseperspektiv. Ser positivt på at det skal bli utarbeidd ny trafikktryggingsplan i planperioden. Tilrår at temaet vegtrafikkstøy blir tatt opp i samfunnsdelen og at planen seier noko om korleis kommunen gjennom arealplanen kan unngå at bustader, skulelebar, barnehagebar m.m. blir utsett for støyproblem.

Barn og unge må ha eit særskild fokus i alle plansaker. Viser til rettleiaren «Barn og unge i plan og byggesak», Kommunal og moderniseringsdepartementet 2020.

Folkehelse

Å integrere psykisk helse som ein del av det lokale folkehelsearbeidet er viktige nasjonale mål. Gode oppvekst- og læringsmiljø blir sentralt når det gjeld å fremme psykisk helse. Å planlegge aldersvennlege samfunn bør også vere eit sentralt tema i samfunnsplanen.

I kap. 8 Opplegg for medverknad saknar fylkeskommunen at kommunen viser til eiga deltaking i kartlegging og utviklingsarbeidet om Nærmiljø- og folkehelse (2015-2018). Her har kommunen gjort seg viktige erfaringar å bygge på når det gjeld medverknad frå innbyggjarane.

Bibliotek

Det hadde vore ønskeleg om kommunen seier noko om korleis den vil satse på bibliotek i samsvar med regionale og nasjonale føringar, i eit overordna dokument som kommuneplanen.

Samfunns- og næringsutvikling

Møre og Romsdal har som ambisjon å bli opplevingsfylke nr 1 i Norge. Skal vi lukkast med det må det utviklast fleire opplevingar i skjeringspunktet reiseliv, kultur og mat som ein kan tilby reisande og lokalbefolkninga gjennom heile året.

Kulturminne frå nyare tid

Positivt at kommunen legg opp til å rullere kulturminneplanen i 2021. Ein bør også legge opp til å løfte fram bruk og formidling av kulturminne av både nasjonal, regional og lokal verdi som ein del av samfunnsutviklinga i kommunen. Viser og til UKL (utvald kulturlandskap) på Alnes samt verneverdig tett trehusbebyggelse på Alnes. Oppfordrar kommunen til å implementere kulturminneforvaltning i overordna planverk.

Miljø og klima

Giske kommune har saman med alle dei andre kommunane i fylket, forplikta seg til å vere med i berekraftfylket Møre og Romsdal. Kommuneplanen må vise korleis dette skal følgjast opp i mål og strategiar.

Universell utforming

Prinsippet om universell utforming bør bli lagt til grunn for planlegging og prosjekt på eit tidlegast mogleg stadium i prosessane.

Møre og Romsdal fylkeskommune ber om at innspela blir tatt med i det vidare arbeidet.

Vår vurdering

Innspelet blir tatt med og vurdert i det vidare arbeidet med kommuneplanens samfunnsdel og arealdel. Nokre justeringar er tatt inn i revidert høyringsdokument.

Statens vegvesen

Viser til viktige nasjonale føringar:

- *Nasjonal transportplan 2018-2029 (NTP)*
- *Statlige planretningslinjer for samordnet- bustad- areal og transportplanlegging*
- *Statlige planretningslinjer for klima- og energiplanlegging og klimatilpassning*
- *Nasjonal sykkelstrategi*
- *Nasjonal gåstrategi*
- *Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging (T-1442/2016)*
- *Retningslinje for behandling av luftkvalitet i arealplanlegging (T-1520)*

Nasjonale forventningar til kommunal og regional planlegging er på samferdselsområdet mellom anna knytt til berekraftig og areal- og transportutvikling. Det er vidare presisert at det er eit nasjonalt mål at ein større del av godstransporten skjer på sjø og jernbane.

Klimatilpassning er svært viktig med tanke på beredskap på vegnettet og bør vere ein del av risikovurderingane ved planlegging og bygging av ny infrastruktur. Kommunen bør ha ein lagsiktig arealbruksstrategi som tilrettelegg for auka bruk av kollektivtransport, sykkel og gange som alternativ til privatbilen. Påpeikar at trafikktrygging og ulykkesforebygging er ein del av folkehelsearbeidet som må takast med i kommuneplanarbeidet. Det same kan og seiast om vegtrafikkstøy. Tar vidare opp tverrsektorielle utfordringar i Giske der utbyggingsområde er lokalisert ved vegar som har viktig betydning både regionalt og lokalt og at vegane betjener både gjennomgangstrafikken og lokaltrafikken. Sjølv om det er staten og fylkeskommunen som er vegeigarar og kan gjere noko med desse utfordringane så er det

viktig at kommunen seier noko om dette i samfunnsdelen.

Vår vurdering

Innspelet blir tatt med og vurdert i det vidare arbeidet med kommuneplanens samfunnsdel og arealdel.

Giske Bondelag

Viser til at Giske kommune er ei viktig landbrukskommune med 27 gardsbruk i aktiv drift. Vidare at kommunen er den viktigaste jordvernmyndigheita gjennom plan- og bygningslova og jordlova. Tilrår at lanbruket blir så konkret utgreidd i samfunnsdelen at planprogrammet seier noko om behovet for utgreiingar. Viser til FN's berekraftsmål nr. 2 om utrydding av svolt og å oppnå mattryggleik. Kommunen bør vere konkret i mål og føringar i samfunnsplanen for korleis ein skal oppnå dei nasjonale og regionale målsettingane. Reagerer på at eit av satsingsområda i planen er «Matkommunen Giske» samtidig som landbruksplanen ikkje er rullert sidan 2009.

Vår vurdering

Innspelet blir tatt med og vurdert i det vidare arbeidet med kommuneplanens samfunnsdel og arealdel.

Kystverket

Ingen avgjerande merknader.

Samla vurdering

Kommunen har mottatt mange gode innspel etter offentleg ettersyn. Det er merknader til planstrategien og til planprogrammet og til begge. Merknadane vil bli tatt med vidare i planprosessen og vurdert når planstrategien skal iverksettast og i det vidare arbeidet med kommuneplanens samfunnsdel og seinare revisjon av arealdelen. Oppdateringar av statistikk og anna fagstoff, samt presiseringar, er retta opp (gul farge) i revidert dokument.

Av merknadane merkar vi oss særskilt;

- Møre og Romsdal har tatt mål av seg til å bli det første fylket som etterlever FN sine 17 berekraftsmål og Giske kommune samarbeider med Ålesund og Sula om å nå desse måla gjennom plan for klima, areal og transport (PAKT) for Ålesundregionen.

Kommunen må i samfunnsdelen sette konkrete mål og strategiar for korleis dette arbeidet skal følgjast opp.

- Kommunen har ikkje prioritert å fornye Klima og energiplanen (2010) i planperioden.

Fylkesmannen ber Giske kommune vurdere på nytt korleis kommunen skal klare å følgje opp dei statlege planretningslinjene for klima- og energiplanlegging.

Kommunen må vise i samfunnsdelen korleis den skal redusere klimagassutsleppa.

- Kommunen har i planprosessen sjølv framheva Matkommunen Giske som eit av satsingsområda. Både Fylkesmannen og Giske bondelag etterlyser i samband med denne satsinga at landbruksplanen frå 2009 vert revidert i planperioden for å løfte landbruksnæringa i kommunen og matsatsinga, då desse heng naturleg saman.

Administrasjonen har i sitt forslag ikkje tatt høgde for rullering av landbruksplanen.

Kommunedirektøren tilrår for kommunestyret å vedta planstrategien og fastsette planprogrammet for samfunnsdelen slik det ligg føre.